


Social Networks: Til glede og nytte, - eller berre enda meir papir?

Erfaringar og opplevd nytteverdi ved bruk av Social Networks




Prosjektoppgåve
av
Jenny S. Hysing

Alternativ og supplerende kommunikasjon - ASK 1

Høgskolen i Vestfold
2006 - 2007

Forord

No når dette prosjektet er avslutta, vil eg rette ein stor takk til dei to ASK-brukarane Ola og Svein som gjorde dette arbeidet muleg for meg. Også takk til foreldrene deira, og til spesialpedagog, assistent og lærar som har delt kunnskap og innsikt med meg. Utan dere hadde det ikkje vorte noko prosjekt. Rettleiaren min, Jørn Østvik, har bidratt med gode råd og viktige innspel, og delt av sin store kunnskap og erfaringar. Tusen takk til deg og! Og til familien som har sett lite til meg i det siste: Takk for hjelpa - frå no av skal det bli meir heimebaka brød!



1	Innleiing	4
1.1	Om kommunikasjon og alternativ og supplerande kommunikasjon	4
2	Kva oppgåva handlar om.....	4
2.1	Val av tema og grunngjeving for dette.....	4
2.2	Ordbruk	5
2.3	Problemstilling	5
3	Om Social Networks	6
3.1	Innhald.....	7
3.2	Det teoretiske grunnlaget	8
3.3	Om materialet.....	8
4	Framgangsmåte	10
5	Resultat frå kartlegging med Social Networks.....	11
5.1	Dette er Ola	11
5.2	Kartlegginga av Ola	11
5.2.1	Om Ola sitt sosiale nettverk	11
5.2.2	Uttrykksformer som vert nytta	12
5.2.3	Ferdigheiter, strategiar, kommunikasjonstype og samtaletema	12
5.2.4	Dette skal arbeidast med framover.....	13
5.3	Dette er Svein	17
5.4	Kartlegging av Svein.....	17
5.4.1	Om Svein sitt sosiale nettverk.....	17
5.4.2	Uttrykksformer som vert nytta	18
5.4.3	Representasjonar og teknikker for utvelging	19
5.4.4	Ferdigheiter, strategier, kommunikasjonstype og samtaletema	20
5.4.5	Ønsker og behov i ulike sirklar	21
5.4.6	Mål for arbeidet framover	21
5.4.7	Anna	22
6	Resultat av intervju.....	23
6.1	Om å bli intervjuet med Social Networks	24
6.2	Utbytte og synspunkt på kartlegginga med Social Networks	24
6.2.1	Generelt og om dei relasjonelle sirklane	24
6.2.2	Om dei multimodale eigenskapane ved bruk av ASK	26
6.2.3	Om kommunikasjonspartnarar og strategiar for å støtte sosialt samspel	27
6.2.4	Om samtaletema og vokabular.....	29
6.2.5	TOppsummering av resultat frå intervjuet	30
7	Mine erfaringar og refleksjonar.....	31
7.1	Social Networks som kartleggingsmateriale	32
7.2	Om involvering av deltakarane	33
7.3	Intervjuaren si rolle i kartlegginga med Social Networks.....	33
7.4	Nokre sentrale punkt	35
7.4.1	Fokus på samtalepartnaren	35
7.4.2	Om familien si sentrale rolle og personsentrert planlegging.....	36
7.5	Om kategoriseringa i Social Networks.....	37
7.5.1	Inndeling i ulike kommunikasjonstyper	37
7.5.2	Andre inndelingar.....	38
8	Avslutning	38
9	Kjeldeliste.....	40
10	Vedlegg 1	41

1 Innleiing

Dette er ei oppgåve der nytteverdi og bruk av kartleggingsverktøyet Social Networks står i sentrum. Eg vil innleiingsvis gjere greie for nokre sentrale omgrep i oppgåva.

1.1 Om kommunikasjon og alternativ og supplerande

kommunikasjon

Ordet kommunikasjon kjem frå det latinske *comunicare*, som tyder å gjere felles (Rommetveit 1972). Kommunikasjon kan sjåast på som eikvar handling som inneber overføring av informasjon frå ein person til ein annan, - når det gjeld behov, ønske, oppfatningar, kunnskap eller følelsmessige tilstandar (Reichle, Beukelman og Light, 2002).

Kommunikasjon mellom menneske er muleg gjennom opplevinga deira av å dele. I starten kan det vere å dele felles omgjevnader, felles ståstad, felles perspektiv på hendingar, og felles vurdering og evaluering i forhold til omverda. Deling vert bekrefta ikkje minst på eit følelsmessig plan (Lorentzen, 2001). Etter kvart kan menneska gjennom kommunikasjon dele også ulike opplevingar, oppfatningar og perspektiv.

Alternativ kommunikasjon vert nytta når personen har ein annan måte å kommunisere ansikt-til-ansikt på enn tale. Bruk av manuelle og grafiske tegn, morse, skrift osv., er alternative måtar å kommunisere på når taleevna er redusert eller manglar.

Supplerande kommunikasjon tyder støtte – og hjelpekommunikasjon. Denne skal fremje og støtte talen til personen, og sikre eit alternativ om personen ikkje utvikler evna til å snakke (Tetzchner og Martinsen, 2002). Vidare i oppgåva vert alternativ og supplerande kommunikasjon forkorta til ASK. Dette er ei vanleg brukt forkorting i fagmiljø i Norge.

2 Kva oppgåva handlar om

2.1 Val av tema og grunngjeving for dette

Tema for prosjektet som er gjort greie for her, er knytt til bruk av Social Networks (Blackstone og Berg 2003, Trøndelag kompetansesenter 2006). Dette er eit kartleggingsmateriale som gir ei kommunikasjonsoversikt for menneske med store samansette vanskar, og deira kommunikasjonspartnarar. Det er nyleg omsett til norsk.

Social Networks er eit intervjubasert kartleggings- og planleggingsverktøy som gjer det muleg for fagpersonar som arbeider med ASK å samle og tolke viktig informasjon som verkar inn på tilrettelegginga og bruken av ASK. Det kan også nyttast for å måle endringar/framgang over tid. Det står persontrentert planlegging, noko som inneber at ASK-brukaren, familien og dagleglivet står i sentrum. Kartleggingsmaterialet rettar særleg merksemda mot den rolla samtalepartnarar har i samhandling med personar som treng ASK.

Eg vel dette som tema for prosjektet av personleg interesse. Som rådgjevar ved eit kompetansesenter opplever eg behov for kartleggings – og planleggingsverktøy spesielt retta mot tilrettelegging for ASK-brukarar. At verktøyet er knytt opp til daglegliv, familie og rolla til samtalepartnarane tiltalar meg, og gjer at eg meiner det kan tilføre ny kunnskap som vil medverke til betre tilbod for ASK-brukarar. Eg ynskjer å setje meg inn i materialet og få erfaringar ved å bruke det i rådgjevingarbeid rundt tilrettelegging for to ASK-brukarar. Eg vil vidare undersøkje om bruk av kartleggingsmaterialet vert opplevd som nyttig for foreldra og skulepersonalet dei har. I tillegg vil eg gjere eigne refleksjonar i forhold til nytteverdien av materialet for meg som rådgjevar ved eit statleg kompetansesenter.

Eg meiner at erfaringane og kunnskapen frå prosjektet vil kome det daglege arbeidet mitt til gode seinare. Slik sett har eg eit nytteperspektiv på prosjektarbeidet. Erfaringane og refleksjonane frå prosjektet vil også vere med og tilføre ny kunnskap til kolleger på arbeidsstaden min. Materialet er nytt i Norge, og ved å systematisere og skriftleggjere erfaringar med bruken av dette slik at andre får tilgang på det, vil det også kunne ha betydning for fagfolk som arbeider med ASK også i andre delar av landet.

2.2 Ordbruk

Personale på skulen og skulepersonalet vert brukt som samleomgrep som omfattar informantane spesialpedagog, lærar og assistent.

2.3 Problemstilling

Eg har formulert følgjande problemstilling for prosjektet:

Erfaringar ved bruk av kartleggings- og planleggingsverktøyet Social Networks.

På kva område vert verktøyet opplevd som nyttig av foreldre, personale på skulen og rådgjevar i dei aktuelle brukarsakene?

Eg ønsker å systematisere og reflektere rundt erfaringar ved bruk av Social Networks. Ved å få fram informantane sine synspunkt, tankar og refleksjonar i etterkant av kartlegginga, vil eg forsøke å identifisere kva som vert sentralt for dei ved denne måten å kartlegge på. Eg er særleg interessert i å få fram det positive – det som vert opplevd som nyttig. Eg vil også drøfte nytteverdi på ulike område frå min ståstad; som rådgjevar og den som gjennomfører kartlegginga.

3 Om Social Networks

Social Networks er, som tidlegare nemnt, eit intervjubasert kartleggings- og planleggingsverktøy, av Sarah W. Blackstone og Mary Hunt Berg (2003). Fagpersonar som arbeider med ASK nyttar dette for å samle og tolke viktig informasjon som verkar inn på tilrettelegginga og bruken av ASK. Social Networks er utvikla for å identifisere viktige faktorar som påverkar kommunikasjon, og for å veilede undervegs i arbeidet med å utvikle kommunikasjonsferdigheiter over tid. Verktøyet er eit beskrivande kartleggingsmaterieill; det er ingen standardisert test. Det gjer det muleg å ta omsyn til ulike oppfatningar ved planlegging av tiltak.

Der er to sentrale erkjennelsar som ligg til grunn for utviklinga av materialet, og måten det er bygd opp på. Det eine er at for personar med kommunikasjonsvanskar har kommunikasjonspartnarar ei sentral rolle i samspelsprosessen. Det andre er at kommunikasjon er multimodal. Menneske med kommunikasjonsvanskar nyttar tale, gester, handtegn, lydar, ansiktsuttrykk og kroppsspråk, i tillegg til ulike hjelpemiddel som m.a. peiketavler og talemaskinar. Korleis vi kommuniserer er avhengig av situasjonen og kven vi kommuniserer med. Samspelsmønstre varierer på tvers av sosiale samanhengar, med ulike menneske og ulike tidspunkt i personen sitt liv (Blackstone og Berg, 2003).

Blackstone og Berg høyrer til The Berkley Study Group. Sidan 1999 har dei gjort ei rekke pilotstudiar for å utvikle og betre Social Networks. Dei har også fått råd og tilbakemeldingar frå mange av dei mest sentrale forskarane og praktikarane på ASK-feltet verda over.

3.1 Innhald

Manualen gjer greie for viktige sider ved kommunikasjon og alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK). Ein sentral variabel er sirklar med kommunikasjonspartnarar. Ifølge Blackstone og Berg (2003, s.14) har Blackstone tilpassa "Circles of friends" frå Marsha Forest og Judith Snow til bruk innanfor ASK- feltet, og har lagt til ein 5. sirkel med "ukjende personar". I Social Networks blir personen sine samtalepartnarar plassert i forskjellige relasjonelle sirklar. Sirkel 1 representerer dei næraste som personen bur saman med (foreldre, sysken, ektefelle/sambuar, barn). I sirkel 2 kjem nære venner og slektningar som personen har nær kontakt med. I sirkel 3 kjem dei ein kjenner, men ikkje har så nær kontakt med, som f.eks. naboar og klassekameratar som ein ikkje har så nær relasjon til. I sirkel 4 vert betalte hjelpearar plasserte. Det er dei som kjem i kontakt med personen gjennom arbeidet sitt, f.eks. barnevakt, lærarar og fysioterapeutar. I den 5. sirkelen vert dei personen ikkje kjenner, men likevel kan kome i kontakt med, plasserte.

Manualen skildrar også ei inndeling av ulike kommunikasjonstyper i 3 grupper. Dette baserer seg på Dowden, og Dowden og Cook (Blackstone og Berg 2003, s.15). Inndelinga vert gjort ut frå synleg ekspressiv åtferd, basert på den mest effektive måten å kommunisere på. Inndelinga referer til noverande kommunikasjonsstrategiar, og seier ikkje noko om personen sitt potensiale. Gruppa med gryande kommunikasjon har ikkje nokon påliteleg måte å uttrykke seg symbolsk på, og kommuniserer mest med lydar, gester, ansiktsuttrykk og kroppsspråk. ASK-tiltak for denne gruppa vil vere å etablere dei første symbolske uttrykksformene, og utvide kommunikasjonen utover her og no, og til fleire kommunikasjonspartnarar.

Gruppa med kontekst-avhengig kommunikasjon har påliteleg symbolsk kommunikasjon, men har avgrensingar i å kommunisere anten fordi dei er avhengig av kjende kommunikasjonspartnarar, eller fordi situasjonane dei kan kommunisere i, er avgrensa. Dei manglar ofte eit tilstrekkeleg vokabular eller må ha hjelp for å få det tilgjengeleg. ASK-tiltaka for denne gruppa kan vere mange og innretta på ulike område: Auke ordforråd, auke bruk av ASK-strategiar og bli mindre avhengig av andre i kommunikasjon. Utvikling av språk – og leseferdigheiter, kunne kommunisere om fleire tema og/eller auke opp talet på samtalepartnarar er og viktige tiltak.

Den siste gruppa gjeld dei som har ein uavhengig kommunikasjon. Dei kan kommunisere både med kjende og ukjende personar, i alle slags situasjonar og om kva tema som helst. Ofte kan dei lese og skrive. Kva gruppe ein person tilhøyrrer, vil ha betydning for tiltak og

målsetting for å utvikle kommunikasjonsferdigheiter vidare. Gode tiltak for personar i denne gruppa kan vere å fokusere på kompetansen i å betene hjelpemiddel – å auke tempo i kommunikasjonen. Det kan også vere å utvide muligheiter til kommunikasjon (f.eks. e-post), betre ferdigheiter i sosiale situasjonar og sikte på auka deltaking i aktivitetar som har med sysselsetting, utdanning og samfunn å gjere.

3.2 Det teoretiske grunnlaget

Social Networks er forankra i fleire anerkjende teoriar. Dette vert gjort greie for i 7 ulike punkt, med referansar til mange ulike teoretikarar (Blackstone og Berg, 2003). Dei sentrale punkta er:

1. Familien si rolle
2. WHO's klassifisering, ICF: Internasjonal klassifisering av fungering, vanskar og helse
3. Deltakelsesmodellen (Beukelmann og Miranda, 1992)
4. Kommunikasjonen sine multimodale eigenskapar
5. Janice Light sin modell av kommunikativ kompetanse
6. Mål som avspeglar sosio-lingvistiske og kulturelle verdiar
7. Personsentrert planlegging

Eg kjem tilbake til nokre av desse punkta utover i prosjektet. Særleg vart kommunikasjonen sine multimodale eigenskapar sentralt. Også familien si rolle, deltakelsesmodellen og personsentrert planlegging er viktige moment som kjem fram gjennom kartlegginga. WHO's klassifisering og kulturelle forhold vert ikkje berørt i den vidare framstillinga.

3.3 Om materialet

Sjølve materialet består av ein manual, noteringshefte og oppsummeringsskjema.

Noteringsheftet og oppsummeringsskjema kjem, i tillegg til papirversjon, også som pdf-fil.

Materialet er amerikansk, og er omsett til norsk av Jørn Østvik og Hanne Almås. Det kan kjøpast frå Trøndelag kompetansesenter.

Manualen består av 5 kapittel i følgjande rekkefølge:

1. Begreper
2. Slik brukes noteringsheftet
3. Ark til orientering om sirkler med kommunikasjonspartnere
4. Case-eksempler
5. Pilotstudier

I tillegg er der eit norsk forord og appendiks med eksempel på undervisningsmateriale med særleg fokus på kommunikasjonspartnarar, og eit forslag til samtykkeerklæring.

Noteringsheftet er delt inn i 11 punkt. Desse er:

- I. Grunnlagsinformasjon
- II. Personens ferdigheter og muligheter
- III. Sirkler med kommunikasjonspartnere
- IV. Uttrykksformer
- V. Representasjoner
- VI. Teknikker for utvelgelse
- VII. Strategier som støtter sosialt samspill
- VIII. Samtaletema
- IX. Kommunikasjonstyper
- X. Ønsker og behov i ulike sirkler
- XI. Oppsummeringsskjema

Dei fleste punkta er basert på avkryssingar, men der er også rom for å notere kommentarar og konkrete eksempel som kjem fram. I den praktiske delen av prosjektet tek eg føre meg nokre av punkta meir utførleg.

Materialet er greit tilgjengeleg. Noteringsheftet kan verke litt overveldande – med mykje delspørsmål og avkryssingar. I forordet vert det kommentert at ein i Norge i utprøvningsfasen har sett spørsmål rundt einksilde kategoriseringar som er nytta i heftet, men at oversettinga har halde seg til den amerikanske kategoriseringa.

Der er, i tillegg til materialet som er omsett til norsk, ein amerikansk DVD som kan bestillast på nettet. Den heiter: *Attainment's Social Networks: A communication inventory for individuals with complex communication needs and their communication partners* (2004). I tillegg til mange eksempel, er der også eit intervju med Elisa Kingsbury, der ho fortel korleis ho gjennomfører ei kartlegging. For meg vart dette eit sentralt og særdeles nyttig hjelpemiddel for å førebu meg til å bruke Social Networks.

Jørn Østvik og Hanne Almås held dagskurs i bruk av Social Networks. Eg rakk dessverre ikkje å vere med på det før eg starta kartlegginga. Eg vil likevel anbefale det sterkt til dei som ønsker å bruke Social Networks. Materialet er slik laga at måten intervjuaren stiller spørsmål og oppfølgingsspørsmål på, er avgjerande for dei opplysningane som kjem fram. Jørn og Hanne tilfører viktig informasjon i forhold til praktisk bruk av materialet. Det aukar sjansen for at utbytte av kartleggingane vert så god som råd.

4 Framgangsmåte

Reint praktisk inneheld dette prosjektet ei kartlegging med Social Networks i forhold til to ASK-brukarar, kalt Ola og Svein. Kartlegginga består av intervju med Social Networks og eit oppsummerings-og tiltaksmøte rundt kvar av gutane. Deretter har eg intervju nokre av deltakarane i kartlegginga om opplevd nytteverdi av denne.

I ei kvalitativ undersøking trengst det eit føremålstenleg utval. Ut frå dei knappe tidsrammene til prosjektet var eg avhengig av å få informantar mellom dei som eg allereie hadde kontakt med gjennom arbeidet mitt ved eit kompetansesenter. Det innebar at det for begge ASK-brukarane sitt vedkomande, på førehand var starta eit rettleiingsarbeid i forhold til bruk av ASK. For meg var Social Networks nytt. Dermed blir denne rapporten refleksjonar og erfaringar frå ein nybegynnar med Social Networks.

Under sjølve kartlegginga sat eg ved sida av den eg intervju, slik at vi hadde noteringsheftet framfor oss, og saman kunne sjå korleis det var oppbygd. Når eg intervju to samstundes, sat eg i midten. Dette fungerte godt, og var med på å involvere dei. Etter utfylling av punkt I;” grunnlagsinformasjon”, gjekk eg direkte på punkt III;”sirklar med kommunikasjonspartnerar”. For å orientere om sirklane, tok eg eit tomt ark, og tegna sirklane etter kvart. Desse tipsa henta eg frå DVD-en med Elisa Kingsbury som eg tidlegare har referert til (s. 9). Eg hoppa altså over punkt II;” personens ferdigheter og muligheter”, og tok det igjen seinare. Eg er overtydd om at det er eit lurt trekk! Punkt II er eit meir tradisjonelt kartleggingpunkt der ein m.a. spør etter grad av vanskar. Dei relasjonelle sirklane representerer noko nytt, og eg opplevde at det gjorde informantane engasjerte og intresserte på ein svært positiv måte.

Ei tid etter intervju hadde vi eit oppsummerings- og tiltaksmøte med dei same personane. Eg hadde til då oppsummert det som kom fram. Eg hadde litt praktiske vanskar med oppsummeringshefta på data, så eg endte opp med å skrive inn opplysningane på powerpoint og syne dei på veggen. I tillegg fekk deltakarane utskrift. Eit godt tips frå Jørn Østvik var å skrive inn opplysningane med ulik farge, alt etter kven som hadde bidratt med informasjon. Det synleggjorde kva som var ulikt, og førde til gode diskusjonar.

I etterkant av kartlegginga gjennomførte eg eit intervju med mor til Svein, eit med lærar og assistent til Svein i lag, og eit med spesialpedagogen til Ola, dvs. ialt 3 intervju med 4 informantar. Grunna ein sjukdomsperiode hos Ola, og ei knapp tidsramme, har eg ikkje intervju foreldra hans. Eg vurderte det og slik at sjølv om Svein vart intervju med delar av

Social Networks, ville det å intervjuje han om sjølve reiskapen bli for krevjande for han, og eg lot derfor det vere.

Eg utarbeidde ein semistrukturert intervjuguide ut frå det eg tenkte kunne vere viktige moment, sjå Vedlegg 1. Intervjua vart tekne opp på minidisc, og seinare skrive ut og analyserte.

5 Resultat frå kartlegging med Social Networks

5.1 Dette er Ola

Ola er ein gut på 13 år. Han går i 7.klasse. Han gjekk på heimeskulen t.o.m. 4. klasse, og har etter det gått på ei spesialavdeling på ein annan skule fire dagar i veka, og på heimeskulen ein dag i veka. I tillegg er han på SFO (skulefritidsordning) på heimeskulen. Han bur saman med mor, far og to yngre søstre. Ola har ei uspesifisert utviklingshemming.

5.2 Kartlegginga av Ola

Social Networks vart brukt til å intervjuje begge foreldra i lag, og til å intervjuje spesialpedagogen som kjenner Ola godt, for seg. Det var også desse personane som i etterkant var med på oppsummerings- og tiltaksmøtet, i lag med meg. Alle tre ser nokså likt på Ola, og heimen er godt informert om kva skulen gjer og vise versa.

5.2.1 Om Ola sitt sosiale nettverk

Ola er ein gut med eit svært godt familienettverk! Der er mange interesserte og viktige personar i Ola sitt liv og han er tydeleg på å vise at han set pris på dei. Oversikt over Ola sine kommunikasjonspartnarar i ulike sirklar, går fram av oppsettet på side 15.

Ola har mange bekjente. Frå hausten skal han til på ungdomsskulen. Då er han ferdig på barneskulen og SFO, og kjem til å få heile dagtilbodet sitt i spesialgrupper, både i skuletida og på ettermiddagen. Det gjer at nettverket hans vil endre seg, og det kan vere ønskeleg med tiltak for å sikre fortsatt kontakt med vanlege jamaldringar i nærmiljøet. Ola har akkurat fått støttekontakt. Det er ein ungdom som bur i nærleiken av Ola. Det kjem også fram at ein av assistentane på skulen også arbeider på den spesial-SFO-avdelinga som han skal begynne på til hausten. Besteforeldra til Ola er mykje i lag med han, og er villege til å lære nytt. Farfar er ein av dei han likar aller best å vere i lag med.

5.2.2 Uttrykksformer som vert nytta

Ola har ikkje ein hovudmåte å uttrykke seg på, men kombinerer kroppsspråk, ansiktsuttrykk, gester, vokalisering, handtegn og tale. Kombinasjonen av uttrykksmåtar, og ei vilje til å formidle seg, er ei sterk side ved Ola. Handtegn vert nytta lite spontant – mest på oppfordring, og når samtalepartner nyttar tegn. Ola hentar album og bilder heime for å gjere seg forstått. På skulen blir det kommunikasjon rundt symbola på dagtavla. Han har ikkje eigen kommunikasjonstavle eller -bok. Ola har nettopp fått ei talemaskin av typen microrolltalk. Denne er dei i ferd med å prøve ut på skulen. Han er oppteken av og interessert i den, og har til no brukt den litt for å velge aktivitet, og å leike ”Kongen befaler”.

Ola har ein stad mellom 11-25 ord som han uttaler. Nokre av dei er tydeleg for alle, og er ord som han kan bruke i ulike samanhengar. ”Ja, ja”, og ”å, herlighet!”, er slike utsegner som vert nytta i mange sosiale samanhengar. Andre ord er det mest foreldre og spesialpedagog som forstår. Ola kan også 25 – 50 handtegn. Desse vert lite nytta spontant, mest på oppfordring. Tegna er ofte uklære, og vanskeleg for andre enn foreldra og spesialpedagogen å forstå. Det kjem fram at spesialpedagogen nyttar mykje handtegn i sin kommunikasjon med Ola. Det gjer at han forstår betre, og nyttar meir tegn sjølv. Gjennom samtalen med foreldra kjem det fram at også dei nyttar meir tegn enn både dei sjølve og spesialpedagogen i utgangspunktet er klar over, og at dei og oppfordrar Ola til å nytte tegn.

Foreldra og spesialpedagogen forstår Ola så mykje betre enn andre at det er freistande å seie at dette ”trekløveret” står i ei særstilling. Ola er avhengig av dei i dei aller fleste samanhengar når han vil gjere seg forstått av andre. Mimikk, gester og kroppsspråk er ikkje nok for at han skal formidle det han har på hjartet.

5.2.3 Ferdigheiter, strategiar, kommunikasjonstype og samtaletema

Oversikt over dette finst på oppsummeringsskjema på side 16, og berre enkelte punkt vert utdjupa her. Ola er ein gut som er oppteken av system og rutiner. Han kan dagane, men strevar med å skaffe seg oversikt over kva tid ting skal skje. Her har han ein del ”på veg”-ferdigheiter. Han er oppteken av oversikt og kan ha liten toleranse for endringar. Ein god del av kommunikasjonen hans kretsar rundt kva som skal skje, og når.

Ola høyrer til uttrykksmiddelgruppa (Tetzchner og Martinsen, 2002), fordi der er eit gap mellom det han forstår og det han kan uttrykke. Men Ola har også forståingsvanskar. Når det gjeld språk, har Ola ”hol”, og vi har ikkje fullgod oversikt over kva han forstår. Vi er m.a. usikre på i kva grad han har overbegrep. Han forstår mange enkeltord, men kan også ”lure

oss” slik at vi trur han forstår sjølv om han ikkje gjer det. Det er tydeleg at han forstår betre når talen vert understøtta med handtegn eller bilde. Kartlegginga med Social Network syner at Ola høyrer til i gruppa med kontekstavhengig kommunikasjon, sjå side 7.

Kommunikasjonen hans er avgrensa både i forhold til kva kommunikasjonspartnarar han har, og kva situasjonar han kommuniserer i. Ola nyttar på eige initiativ fotografi, pictogram og pcs-symbol for å støtte kommunikasjonen. Måten han nyttar tilgjengeleg grafisk materiale på er både effektivt og forståeleg for samtalepartnarar, men han har hatt avgrensa tilgang på grafisk materiale utanom album og dagplan. Aller mest vert auditive representasjonar nytta - andre set ord på det Ola vil, og stiller spørsmål som han kan svare på med ”ja” eller ”nei” , eller eit anna ord/lyd kombinert med kroppsspråk og gester.

Foreldre og spesialpedagog har nokre klare og effektive strategier for å hjelpe Ola til å gjere seg forstått, og for å auke forståinga hans. Oversikt over desse strategiene finst på oppsummeringsskjema, side 16.

Ola har ein variasjon i samtaletema. Han kan gi kommentarar til varierte konkrete hendingar, og til ting han har vore med på og ting han skal gjere. Men det vert vanskeleg for han om han skal utdjupe dette. I det siste har Ola hatt periodar der han ikkje har vore i form. Han får då store vanskar med å formidle korleis han har det; kva som er galt. I slike situasjonar vert det særleg tydeleg at Ola har trong for eit auka vokabular og hjelpemiddel som gjer at han får formidla seg til andre.

5.2.4 Dette skal arbeidast med framover

Den overordna målsettinga er at Ola skal bli meir sjølvstendig og uavhengig av foreldre og spesialpedagog når han skal kommunisere med andre. Å utvide dei muligheitene han har for å uttrykke seg, gjennom tilgang på talemaskin og grafisk materiale, blir viktig. Det vert også sentralt å auke forståelsen for Ola sin kommunikasjon hos nokre viktige samtalepartnarar. Ut frå kartlegginga med Social Networks, går det fram at desse vil vere sentrale kommunikasjonspartnarar framover: Besteforeldre, støttekontakt, og assistenten som også arbeider på ”det nye” ettermiddagstilbodet.

5.2.4.1 Å lære Ola funksjonell bruk av microrolltalk

Ola skal bruke den nye talemaskina i kommunikasjon:

- a) I kontakt med jamaldringar på heimeskulen.
- b) For å fortelle heime kva han har gjort på skulen, og på skulen kva han har gjort heime.

c) For i samlingsstund å velge songar og fortelle kva slags vær det er.

Spesialpedagogen skal syne støttekontakten korleis rolltalken verkar, og introdusere den på SFO. Etter påske skal Ola ha med talemaskina mellom heim og skule, og der skal lagast praktiske rutiner slik at det fungerer.

Spesialpedagog skal omorganisere det som er lagt inn på microrolltalken, og skal i tillegg legge inn ei generell samtaleside og ein del vitsar. Ho tar kontakt med støttekontakten for å få hjelp til alderspassande vokabular og vitsar.

5.2.4.2 Å gi Ola auka tilgang på grafiske symbol

Sidene som vert lagt inn på talemaskina skal og lagast i pappversjon. Ola skal få vekeplan med bilde på skulen, og både dagsplan og vekeplan heime, med dei same symbola.

Spesialpedagogen skal prøve ut nokre temaplater, der Ola kan uttrykke seg meir variert med setningar. Dette er eit ledd i eit meir langsiktig arbeid for å lage ei grafisk kommunikasjonsbok tilpassa Ola.

5.2.4.3 Ola skal bli betre forstått av bestforeldre, støttekontakt og assistent utan hjelp frå andre

For å oppnå det, skal følgjande tiltak gjennomførast:

Dei skal få opplæring i dei strategiane som foreldre og spesialpedagog nyttar for å støtte Ola i å uttrykke seg, og for å auke forståelsen hans.

Bruk av nokre "kjernetegn" i kommunikasjon mellom Ola og foreldre, spesialpedagog, besteforeldre, støttekontakt, assistent og andre lærarar. For at Ola skal bruke handteguna, skal desse samtalepartnarane også nytte dei, og forvente at Ola gjer det same ved å oppfordre og vise han. Dette er tegn som Ola kan.

Det skal utarbeidast ei oversikt med bilde som syner korleis tegna vert utførde, og alle skal kjenne måten Ola gjer desse handteguna på. Oversikt over "kjernetegn": ETTERPÅ, FERDIG, I GÅR, I MORGON, MAT, DRIKKE, SVOLTEN, DO, SKOLE, BUSS, TUR, FEIL.


5.2.4.4 Oppretthalding av nettverk

Spesialpedagogen tek opp med elevane i 7.klasse på heimeskulen kva dei tenker om møtepunkt med Ola til hausten. Den nye støttekontakten blir sentral i arbeidet med å halde kontakt med jamaldringar i nærmiljøet.

OPPSUMMERINGSSKJEMA A - SIRKLER MED KOMMUNIKASJONSPARTNERE (SMK)

Dato: Mars 2007

Kommunikasjonstype: Kontekstavhengig kommunikasjon



Primære kommunikasjonspartnere (P) Mor og far

Personens favoritt kommunikasjonspartner (F) Mor og far, farfar

Mest dyktige kommunikasjonspartnere (D) Mor og far

Mest lærevillige kommunikasjonspartnere (L) Mor og far, besteforeldre

Kommunikasjonspartnere som tilbringer mest tid sammen med personen (T) Mor og far

Mest villige kommunikasjonspartnere til å lære bort til andre (A) Mor, far, spesialpedagog

FERDIGHETSOMRÅDER

FERDIGHETER OG MULIGHETER

Diagnosar: Bevegelsesvanskar, kognitive vanskar, forseinka utvikling og afasi.

Har moderate tilpasningsvanskar i den forstand at han må bli trygg i forhold til det som skal skje, elles kan det skjære seg. Store reseptive og ekspressive vanskar, men relativt størst ekspressivt. Ser og høyrer godt. Er redd for høge/spesielle lydar.

OMRÅDER MED BEHOV FOR VIDERE UTREDNING / VURDERING

Ingen spesielle. Er nyleg kartlagt med Leiter - R (ikkje-språkleg evneprøve) og Peabody (vokabulartest) Bør vere obs. for å få betre oversikt over språkforståinga hans - kva "hol" han har.

BENYTTETE REPRESENTASJONSSTRATEGIER

Fotografi - brukes til samtale
Pictogram og nokre ordbilde på dagtavla
PCS - er under utprøving, greier å tolke
Nytter seg av grafisk materiale i den grad det er tilgjengeleg!
Håndtegn - nyttast noko av tida, på oppfordring
Auditivt (andre snakker for han)
Svarer ja/nei på spørsmål. Kan og kombinere 1-ord med tegn.

BENYTTETE UTVELGELSESTEKNIKKER

Direkte utvelgning ved peiking

EFFEKTIVE STRATEGIER SOM STØTTER SOSIALT SAMSPILL

UTTRYKK

Ola er avhengig av nokre strategier frå samtalepartner for å gjere seg forstått

- Sette seg ned, og få augekontakt med Ola
- Spørje ja/nei - spørsmål
- Spørje: Klarar du å vise med tegn?
- Spørje: Kan du peike?
- Seie: "No meiner du...", og gjettar og tolkar

I fohold til ukjende er Ola avhengig av at ein vaksen snakkar for han

FORSTÅELSE

Forteller han kva som skal skje. Gjer det vanskeleg om der kjem endringar - er avhengig av faste rutinar. Heime kan han sjå på bilde i avisa f.eks. på TV-program.

Nyttar dagsplan på skulen. Lærer teiknar, fortel og visar med tegn om dei er andre stader - feks.på leirskule. Gjennomgang av økt for økt, frå måltid til måltid. Brukar ein del fotografi for å snakke om ting.

SAMTALETEMA

BRUKES NÅ

Ting han har gjort og skal gjere, ulike TV-program, særleg Carl&co, besøk, hytte, båt, buss, gå tur, handle, om nokon er sjuk.

ØNSKER Å BRUKE

Kunne formidle seg sjølv betre - ønsker, behov og følelsar. Kunne seie i frå når noko er galt, og særleg kva det er. Kunne spørje korleis andre har det, og kunne invitere seg sjølv inn i situasjonar med dei. Kunne fortelje meir om det han er oppteken av, og kunne fortelje vitsar

5.3 Dette er Svein

Svein er ein ung mann på 18 år. Han går 2. året på ein stor vidaregåande skule, på ei spesialavdeling for elevar med lærevanskar. Han har cerebral parese. Han køyrer elektrisk rullestol, og kan gå korte strekningar med rullator. Svein bur saman med mor, far og lillesøster. Han har også ei eldre søster og ein svoger som bur nært og som han ser mykje. Far har arbeidet sitt på sjøen, og er derfor i periodar vekke og i periodar heime. Svein har vel ein halv times reiseveg med bil frå heimen til skulen.

5.4 Kartlegging av Svein

Svein sjølv blei intervjuet om nokre utvalde punkt i Social Networks. Desse var: Sirklar med kommunikasjonspartnarar, uttrykksformer, representasjonar, samtaletema og ønsker og behov. Mor var med på intervjuet med Svein. Det var heilt nødvendig å ha ho som tolk for at eg skulle forstå og tolke Svein rett. Mor vart i tillegg intervjuet for seg. Lærar og assistent vart intervjuet i lag. Assistenten er den på skulen som kjenner han best, ho har kjent han i halvtanna år. Læraren var ny i haust. Han har fått ei spesiell oppgåve i forhold til å legge til rette for bruk av talemaskin. I den vidare framstillinga av kartlegginga av Svein blir uttrykket ”skulen” nytta om informasjon frå assistent og lærar i lag. I etterkant av intervjuet hadde vi eit oppsummerings – og tiltaksmøte der eg la fram informasjonen som var komen fram, og vi diskuterte og utarbeidde forslag til vidare tiltak. Svein var med på møtet. Han hadde mest ei lyttande, passiv og til ein viss grad responderande rolle. Å delta på slike møte var uvant for Svein. Det var ein situasjon der han blei litt spent, noko som gjorde det vanskeleg for han å snakke.

5.4.1 Om Svein sitt sosiale nettverk

Svein har eit svært godt familienettverk. Han har også nokre gode venner. Alle så nær som ein av dei er i familie med Svein. Han har m.a. fleire søskenbarn som bur i nærleiken av han, som er på same alder og som han har god kontakt med. Også mormor er ein god venn av Svein, og dei er mykje i lag. Svein har lite tilhøyrighet til elevar på skulen. Gjennom intervjuet kjem det fram av bestevenen (som og er søskenbarn) er elev på same skulen, og at også eit anna søskenbarn går der.

Her er ei oversikt over personar i dei ulike sirklane, slik det kom fram i intervjuet:

Informant:	Mor	Svein	Lærer/assistent
1. sirkel	5	5	5
2. sirkel	5	7	2
3. sirkel	5	7	1
4. sirkel	6	8	12
5. sirkel	3	3	4

Mor og Svein oppgir dei same personane i dei ulike sirklane, men Svein kjem på nokre fleire enn mor. Mor er samd med Svein i at dei han nemner i tillegg, også høyrer til der. Lærer og assistent er orientert om familien i sirkel 1, men dei forslaga dei har i sirkel 2, 3 og 5, er andre forslag enn det Svein og mor har, og dei er usikre på kva dei skal svare her. I sirkel 4 nemner alle dei same personane, men skulen har oversikt over fleire lærarar og assistenter som Svein har kontakt med. Svein er omtrent kvar 5.veke på avlasting. Dei namngir to personar som han har kontakt med der, men der er stor gjennomtrekk og byte av personale. Svein skal skifte avlastingsbustad i løpet av våren.

I intervjuet kom det fram at det vart vanskeleg for lærarane å uttale seg om andre arenaer enn sin eigen. Dei kjende lite til heimemiljøet hans. Det gjorde at på nokre område uttalte lærar og assistent seg berre på skulearenaen – f.eks. når dei skulle identifisere kven som var viktigaste kommunikasjonspartnar.

Mor er den som forstår Svein best, og som er mest i lag med han. Far og storesøster er mest villig til å lære nye ferdigheiter. Bestevenn og storesøster er mest villeg til å lære andre korleis kommunisere med Svein. Assistenten er den som forstår Svein best på skulen.

5.4.2 Uttrykksformer som vert nytta

Svein sin hovuduttrykksmåte er tale. Den nyttar han i alle relasjonelle sirklar. Men han er ein stille gut, og vanskeleg å forstå for dei som ikkje kjenner han spesielt godt. Svein har mange ord. Uttalen er slik at han kan gjere seg forstått med spontane einstavingsord ("ja", "hei", "kom"), men ved lengre ord blir det fort uforståeleg.

Svein har lært ein del handtegn. Dette visste ikkje personalet då han kom på vidaregåande skule, og det har i liten grad vore følgt opp. Personalet har liten kompetanse på tegn. Svein sjølv nyttar lite handtegn spontant, men han nyttar kroppsspråk, gester og lydar i tillegg til tale. Dette kom ikkje fram i intervju med mor og skulen. For meg blei det svært

tydeleg i intervjuet med han. Vi hadde ein diskusjon om dette på oppsummeringsmøtet. Både mor og skulen støttar seg på desse signala utan å vere spesielt merksame på det – dei har ein ”taus kunnskap” om det. Svein har også ei kommunikasjonstavle som han kan bruke, men han tek i liten grad initiativ sjølv til å bruke den. Mor fortalde også at han har hatt ein Vocaflex taleboks som informasjonshjelpemiddel mellom skule og heim. Bruk av den har ikkje vore vidareført ved overgang til vidaregåande skule. Mor syntest at den fungerte godt for at Svein kunne fortelle kva han hadde gjort på, og ho saknar den. Svein likte også godt å bruke den. Svein har hatt ei talemaskin av typen Minirolltalk i nokre månader. Han er svært stolt av den, og interessert i å vise den fram, men førebels har den ikkje vore mykje nytta utanom spesielle timar og i samling. Svein syner likevel ein kompetanse til å gjere seg bruk av den, m.a. har han spontant fått formidla kva for ein rullestol som trengde lading, ved å nytte rolltalken til å fortelle det.

Svein har også nokre dataprogram (programsnekker, skrive med bilder). Dei har ikkje vore nytta siste året. Heime nyttar Svein telefon med hjelp. Han nyttar ikkje e-post. Dei andre informantane var i tvil om han visste kva det var – men det synte seg at han visste svært godt, fordi lillesøstra nytta dette.

Tale er effektivt for Svein i den grad det også er forståeleg. Det er forståeleg for personar i sirkel 1. Også her er det avgrensingar, det fungerer best med eitt-ords ytringar, og truleg er der også avgrensingar i forhold til tema. Tale er også delvis forståeleg i sirkel 2, 3 og 4, men det vil begrense seg til få personar og nokre situasjonar og tema. Kroppspråk og mimikk er tydeleg, gester kan variere litt. Kommunikasjonspermen hans er både effektiv og forståeleg når han blir oppfordra til å bruke den, men også der er det avgrensa vokabular og tema. Permen har ikkje vore vidareutvikla i det seinare, og den ligg i ei hylle på skulen.

5.4.3 Representasjonar og teknikker for utvelging

Svein likar godt fotografi; å vise fram bilde frå spesielle hendingar. Særleg gjeld det når det er nytt. Dette er ikkje systematisert. Svein tolkar lett pictogram og pcs-symbol. Han kan og ein del ordbilde som er sett inn i kommunikasjonspermen, men kan ikkje lese. Han har i det siste hatt noko Blissopplæring, og har lært mange Blisstegn. Desse har til no vore lite brukt i kommunikasjon. Mest nytta er det at andre snakkar på vegne av han – og stiller spørsmål til han som kan besvarast med ja/nei, eller einstavingsord. Svein peiker med venstre peikefinger.

5.4.4 Ferdigheiter, strategier, kommunikasjonsstypa og samtaletema

Svein høyrer godt. Han har nokre synsvanskar som vi er usikre på. Desse bør undersøkast nærare. Han har ei aldersadekvat tilpassingsevne, men har lett for å bli passiv og trekke seg litt unna. Svein har moderate vanskar kognitivt, motorisk og når det gjeld språkforståing. Han har store ekspressive vanskar. Mor og skulen oppfattar Svein på same måte.

Mor er den som har flest strategier for å støtte Svein når han skal uttrykke seg. Ho spør spørsmål, bekrefter det han har sagt, og les kroppsspråk og set ord på det. (Eks.: ”Er du lei deg?”) Ho er i bakhand når han snakkar i telefonen, og ved kontakt med bekjente følger ho han, spør og les kroppsspråk, gjentar tydeleg det han har sagt og ”oversetter”. Også skulen nyttar mykje spørsmål og det å ”oversette” som støttestrategi.

Svein blir førebudd på det som skal skje gjennom vanleg samtale og forklaringar. Det hjelper på forståelsen å ikkje snakke for fort til han. Skulen kan og øve på nokre situasjonar – spele rollespel, m.a. Elles er alle støttestrategiane språklege.

Svein har ein kontekstavhengig kommunikasjon. Han gjer seg forstått med tale i sirkel 1 og delvis i sirkel 2, og for ein eller to personar i sirkel 4. Ofte kan der oppstå misforståingar, særleg i sirkel 4. Tale er viktigaste uttrykksformen til Svein. Han høyrer med til det som kallast situasjonsgruppa innanfor støttespråkgruppa (Tetzchner og Martinsen, 2002). Det inneber at han treng eit supplement til talen i ein del situasjonar, fordi artikulasjonen hans då er så dårleg at han er vanskeleg å forstå.

Svein har mange samtaletema. Den store interessa hans er fotball; han har eit favorittlag og går på alle heimekampane. I tillegg er båt, sjø, fiske, danseband og TV- seriane Carl & co og Hotell Cæsar viktige interesser. Svein kan snakke om mange tema, men begrensa vokabular og uttrykksmåtar gjer det vanskeleg for han å formidle seg.

Frå mor si side kom det fram ønske om at Svein skulle kunne snakke meir om seg sjølv, om tankar og følelser han har. Skulen ønsker at han skal kunne stille spørsmål og henvende seg til andre – om korleis dei har det, kva dei har gjort på, osv. Dette gjer han i liten grad i dag, men han har heller ikkje muligheit til det. Svein vart også spurt om kva samtaletema han gjerne vil ha. Med den kommunikasjonen Svein har i dag, er det lite han kan uttrykke seg sjølvstendig om tankar han har om dette. Eg hadde laga ein del alternativ i form av bilde på nokre tema, og spurde han om dei. Då kunne han respondere på om han ville snakke om dei. Det at eg, som ikkje kjende han så godt, valde tema er sjølv sagt ikkje ideelt, og eg fekk eit inntrykk av at han ville vere forsiktig med å avvise tema som eg hadde lansert. Likevel såg vi

at bildestøtte vil kunne fungere i ein slik situasjon. Svein var klar i vurderinga av kva han ville snakke med kven om – f.eks. at framtida var noko han ville diskutere med foreldrene.

5.4.5 Ønsker og behov i ulike sirklar

Svein sjølv svarte ”data” når vi spurde han kva ønske han har. Han kallar talemaskina si for ”data”, og han signaliserer at han gjerne vil bruke den meir.

Mor har ønske om at Svein, når han snakkar med familien, skal bli betre til å prate. Ho ønsker også at han skal kunne lære seg å bruke telefon, anten ved bruk av talemaskina, eller på annan måte. Hennar fremste ønske når det gjeld kommunikasjon i sirkel 2, 3 og 4, er at han skal kunne nytte talemaskina til å kommunisere med. I sirkel 3 vil der og vere behov for funksjonelle pappløysingar – Svein er mange stader og i situasjonar der det ikkje er så lett med talemaskin (ute i dårleg vær, i båten, osb.).

Skulen sine ønsker for skuledagen er også funksjonell bruk av talemaskin. Han bør ut av spesialavdelinga og treffe andre ungdommar som han kan kommunisere med. Han må få erfaring med å ta initiativ til å kommunisere med andre med talemaskina.

5.4.6 Mål for arbeidet framover

5.4.6.1 Svein skal ha funksjonell bruk av talemaskina

Svein skal kunne nytte talemaskina i kommunikasjon med nokre personar og i nokre situasjonar, med fokus på det sosiale, og generell samtale.

Ut frå kartlegginga synest det som om at Svein har ein kompetanse både sosialt, operasjonelt og strategisk som gjer at han kan nytte maskina meir enn han gjer. Dette er tre av dei fire kompetanseområda som Janice Light (referert i Beukelman og Mirenda, 1992) meiner er avgjerande for at ein ASK-brukar skal kunne kommunisere tilfredsstillande. Det fjerde området er det lingvistiske. Svein er avhengig av tilgang på eit vokabular og ei organisering av dette som gjer at han kan uttrykke seg. I desse situasjonane skal det leggst til rette for å bruke talemaskina no:

- Kommunikasjon ved lærarbytte
- Kunne kommunisere med den som sit ved sida av i lunsjpausen
- Å treffe nokre andre ungdommar på skulen, etter avtale, og kommunisere med dei ved hjelp av talemaskina

Læraren legg inn eigna vokabular. Der skal leggst inn både generell samtalside, og vokabular som gjer at Svein kan fortelle meir frå heimearenaen, og om personar og ting han er oppteken av der. Svein og læraren tek også kontakt med bestekameraten som og er elev på skulen, for å få hjelp til å velge ut eigna vokabular.

Svein treng også tilgang på vokabular der han kan presentere seg sjølv for folk som ikkje kjenner han. (F.eks. "Eg forstår kva du seier, men eg har vanskar med å snakke, og nyttar derfor talemaskin"). Han vil også trenge øving for å ta det i bruk (Light og Binger, 1998).

Svein skal også bruke talemaskina som "meldingsbok" mellom skule og heim. Det skal lesast inn kva Svein har gjort på, slik at han kan fortelle det vidare. Dette vil erstatte den funksjonen Vocaflexen hans hadde tidlegare.

5.4.6.2 Svein skal bruke grafisk materiale som støtte når han skal formidle noko

Svein har ein kommunikasjonsperm som skal vere meir tilgjengeleg. Svein, assistent og spesialpedagog skal prøve ut ulike løysingar for å sjå korleis oppbygginga av pappløysingane bør vere. Svein sin kommunikasjonsperm er basert på eittordsytringar. Tilgang på grafisk materiale, vidare bruk og opplæring i Bliss kan gjere det muleg for Svein å uttrykke seg meir variert og uavhengig. Det skal over tid utviklast ei kommunikasjonsbok tilpassa Svein, som han kan nytte sjølvstendig.

5.4.6.3 Svein skal nytte ein spesifikk gest/teikn for "eg veit ikkje", når han har behov for det

Svein kan denne gesten, men nyttar den lite spontant. Når han blir stilt eit spørsmål han ikkje veit, og derfor ikkje kan svare "ja" eller "nei" på, vert han stille, og får då ofte fleire spørsmål. Kjende samtalepartnarar skal minne han på og demonstrere gesten som eit alternativt svar, slik at han og nyttar den der det er aktuelt.

5.4.7 Anna

Skulen skal ha ei notisbok på pulten til Svein. Her kan dei notere ned idear og endringsforslag når dei kjem på dei. Spesialpedagog undersøker dei tekniske løysingane i forhold til bruk av telefon med talemaskin. Spesialpedagog tek og møte med familien til Svein når far kjem frå sjøen, for å vise praktiske løysingar med talemaskina. Når den nye avlastinga kjem i gang, skal mor og spesialpedagog ha møte med dei for å orientere om Svein sine måtar å kommunisere på, slik at dei kan forstå han best muleg.

6 Resultat av intervju

I etterkant av oppsummeringsmøta har eg gjennomført tre intervju med i alt fire informantar. På førehand hadde eg utarbeidd ein semistrukturert intervjuguide (Vedlegg 1), med dei tema som eg meinte var viktig å samtale om. Rundt Svein har eg gjennomført to intervju; det eine med mor og det andre med lærar og assistent saman. Desse intervju vart gjort omtrent 4 veker etter oppsummerings- og tiltaksmøtet. Når eg framstiller informasjonen frå lærar og assistent som eitt, omtaler eg dei som ”skulen”. Kvar for seg er dei ”læraren” og ”assistenten”. Mor til Svein vert omtala som ”mor”. Eg intervjuja også spesialpedagogen til Ola, og ho vil bli referert til som ”spesialpedagogen”. Ho vart intervjuja same dag som oppsummerings – og tiltaksmøtet, like i etterkant av dette. Eg er usikker på kva forskjellen i tid frå tiltaks – og oppsummeringsmøtet til intervju betyr for informasjonen som kom fram, og har ikkje fått fram spesiell informasjon om dette.

I dei avsnitta der eg siterer informantane, vert sitata skrive i modifisert dialekt, i ei munnleg form.

Før intervjurunden trudde eg at eg i intervjuja ville få fram fleire direkte uttalte synspunkt på Social Networks som reiskap, enn det eg fekk. Både informantane og eg som intervjuar er naturleg nok svært opptekne av det som kom fram rundt ASK-brukarane. Sjølve utforminga og innhaldet av verktøyet på eit meir overordna plan er kan hende ikkje så spanande tema for informantane mine? Om eg skulle fått meir direkte informasjon om det, måtte eg som intervjuar spurd på ein annan måte, og fokusert meir på det enn eg gjorde. Intervjuet hadde ei semistrukturert form, og eg la vekt på at informantane skulle sleppe til med det som opptok dei.

Tema i intervjusamtalane vart mest kva som hadde kome fram i sjølve kartlegginga rundt ASK-brukaren, - synspunkt og refleksjonar rundt det. Etter intervjuja tenkte eg at eg ikkje hadde makta å få fram så mykje informasjon om Social Networks som eg burde. Utover i sjølve analysen ser eg likevel at der ligg mykje informasjon som indirekte seier noko om reiskapen. Det gir meg informasjon og synspunkt på Social Networks som eg elles ikkje ville hatt, sjølv om ein del av det kjem fram på ein indirekte måte.

6.1 Om å bli intervjuet med Social Networks

Alle informantane seier at dei opplever kartlegginga som positiv. Mor var litt spent – ”eg visste no ikkje ka eg gikk til, da”. Ho held fram at det var ”heilt greit”, og på slutten av intervjuet seier ho ”eg syns egentlig at det var veldig kjekt at du spurte meg litt”.

At fleire blei intervjuet om det same, syntest dei og var positivt. Skulen, som var to i lag, var også litt spente på kva som skulle kome utav det. Dei tykte det var fint å vere i lag, dei kom på litt ulike ting og utfylte kvarandre. Dei kommenterer og at avlastinga, som er ein stad der Svein brukar ein del tid, må kome meir inn i bildet. Kan hende er det ein vekkar for dei at der er arenaer dei veit lite om. Utan at dei seier det direkte, tolkar eg det slik at også personar frå avlastinga gjerne kunne vore intervjuet.

Svein vart også intervjuet om nokre punkt. Korkje mor eller skulen syntest dei fekk ny informasjon frå det, men som dei seier på skulen: ”Samtidig så er det jo viktig at hovedpersonen, der han kan, svarer for seg”. Mor meiner og at det var positivt at Svein blei spurt. Sidan intervjuet av Svein ikkje fekk fram mykje ny informasjon, men dei likevel synest det var viktig, er det nærliggande for meg å tru at det botnar i synspunkt på at Svein skal medverke best muleg. Dette er ein førsetnad om planlegginga av tiltaka skal vere personsentrert og legge vekt på auka deltaking frå Svein si side (Blackstone og Berg, 2003).

Spesialpedagogen ville også gjerne hatt fleire med i kartlegginga av Ola, særleg assistentane og fleire lærarar. Dei kjenner kvarandre så godt at dei gjerne kunne vore i lag i intervjusituasjonen. Ho er oppteken av at der er ein prosess som skjer gjennom eit sånt intervju. ”Det hadde gjort prosessen lettare for min del”, seier ho. Eg tolkar det slik at ho her siktar til prosessen med å setje i verk dei tiltaka vi kom fram til. På skulen blir ho no den som må involvere dei andre vidare.

For meg er det at ein kartleggingsreiskap spør både nærpersonar og fagpersonar om dei same emna og på same måten, ei ny vinking. Eg kjem tilbake til kva muligheiter eg meiner at det gir, i kapittel 7, ”Mine erfaringar og refleksjonar”, side 32.

6.2 Utbytte og synspunkt på kartlegginga med Social Networks

6.2.1 Generelt og om dei relasjonelle sirklane

Spesialpedagogen til Ola har lenge hatt eit spesielt fokus på ASK. Ho kjenner Ola godt, og har mykje informasjon om han frå før. Det viktigaste ved bruk av Social Networks er at ho får systematisert tankane sine, seier ho. Ho tenker i ”nye tankebaner”. Når ho skal utdjupe dette,

seier ho at det viktigaste er dette med ”nære venner og mer perifere, og ka du legger inn og ka det skal brukast til i ka situasjonar”. I løpet av ei setning har ho samanfatta kjernepunkta som Gayle Porter¹ framstiller det slik: Kva skal barnet seie? Til kven? Når? Kor? Korleis? Slik eg forstår spesialpedagogen, vert det gjennom kartlegginga enda klårare for ho no at Ola sine kommunikasjonsbehov og - muligheiter endrar seg med situasjon og samtalepartner.

Spesialpedagogen seier vidare at kartlegginga hjelper henne til ”å rydde” tankane. Dei relasjonelle sirklane er medverkande til det. Dei blir ein ”augeopnar” – ”for du delar’kje sånn til vanlig”, seier ho. Men ho seier og at det kan vere vanskeleg å dele opp, at noko kan flyte litt saman. Og i forhold til ønske, behov og målsettingar, blir noko av det som kjem fram på eit overordna plan, medan andre ting er meir konkrete. Ho understrekar at foreldre og ho er samstemte på at det overordna er at Ola skal kunne ”formidle seg meir, kunne fortelle meir, vær meir uavhengig og sjølvstendig”. Utan at ho seier det direkte, tolkar eg det slik at kartlegginga med Social Networks er medverkande i denne prosessen med å bygge semje rundt dei viktigaste, overordna måla. Og måla er sentrert rundt Ola og hans fungering. Beukelman og Mirenda (1992) framhever at det å bygge brei semje (konsensus) i ASK-teamet, er eit av dei viktigaste prinsippa for å lukkast.

Skulen der Svein går er særleg oppteken av at dei kjende lite til heimemiljøet og fritida hans. ”Eg var’kje klar over korleis det hang sammen”, seier læraren. ”Vi liksom, vi er så sentrert her”. Gjennom kartlegginga og oppsummeringa har dei oppdaga dette – at dei kjende lite til det som gjekk føre seg på andre arenaer.

Dei meiner at kartlegginga har betra samarbeidet mellom skulen og heimen. Dei ser kor viktige dette samarbeidet er, og ikkje minst at mor sit inne med mange opplysningar som dei burde hatt tidlegare. Mor synest og at det er positivt at skulen får meir kjennskap til kven som er dei næraste for Svein.

Alle informantane synest at kartlegginga var positiv: ”Ja”, seier dei, når eg spør om det er aktuelt å anbefale Social Networks til andre, og assistenten til Svein meiner at eit par av medelevane til Svein og ville hatt utbytte av ei slik kartlegging. Spesialpedagogen seier også noko om oppsummerings – og tiltaksmøtet, og er nøgd med det. ”Nei, det er nå så flott som det kan vær”, seier ho, og seier også: ”Ja, no når du har sammenfatta det så har eg no fått ei større oversikt på han sitt enn eg hadde før”.

Og ho legg vekt på at ho får foreldra sine tankar:

¹Gayle Porter: Forelesing, ISAAC-konferanse, Odense 2002

Men det er nå en prosess heile greia, ikkje sant? Og det er nå en prosess for meg, og en prosess for foreldra, og så er det no å sammenfatte den. Ja, kva vi vil legge inn og kva vi ikkje vil legge inn og ha eit felles mål og meining med det, hadde eg så nær sagt.

Mor meiner at det er viktig at eg som kartleggar og rådgjevar får informasjon, og gjennom det kan hjelpe dei med å kome vidare. Eg kan tilføre nokre idear, seier ho, om kva dei skal gjere vidare. Det er ting dei ikkje ville kome på sjølve.

6.2.2 Om dei multimodale eigenskapane ved bruk av ASK

Det at Svein har fått ein minirolltalk, er ei erkjenning av at han treng noko meir enn tale å støtte seg til. I kartlegginga kjem det fram at tale er den primære uttrykksforma hans i alle sirklane.

Dersom brukeren viser liten variasjon i kommunikasjon med ulike partnere og på tvers av sirklane, er det grunn til å spørre seg om personens kommunikasjonsmuligheter er godt nok ivaretatt. (Brænde, 2005)

Kan hende har skulen vore blind for kor lite Svein kan formidle også til dei når han berre kan nytte tale? Er han mykje meir kontekstbunden enn dei var klar over? Dette kan vere ein av grunnane til at dei visste så lite om kvardagen hans utanfor skulen.

Skulen er lite bevisst på Svein sitt kroppsspråk og gester. Måtar å kommunisere på som til ein viss grad har vore nytta tidlegare (nokre handtegn, kommunikasjonsperm), vert lite nytta. Skulen har ikkje blitt informert om at han har lært handtegn, men dei har heller ikkje gått aktivt ut for å hente slik informasjon. Kan hende har dei trudd at Svein sjølv ville vise dei det som var aktuelt å bruke, og at dei ikkje har forstått kva kompetanse og støtte han treng frå samtalepartnaren for å få formidla dette.

Eg har eit inntrykk av at personane rundt Svein gjennom kartlegginga med Social Networks får ei auka forståing for at han som ASK- brukar treng mange ulike måtar å uttrykke seg på. Mor opplever at Svein med tale til ho kan gjere seg forstått med det meste. Men ho legg til:

”Ja, men oss kan ikkje tenke at det er berre ej som skal forstå han, sant? Andre med må forstå han.”

Ho synest absolutt at han har behov for talemaskina som han har fått. Når eg spør spesifikt om også å ta i bruk meir ”papp-løysingar”, svarar ho:

Nei, eg veit ikkje. Men eg syns det er veldig viktig at vi får ei sånn (kommunikasjonsbok) som vi har i bakhand når han skal på avlastning. Ja, at kanskje han kan ha ho i sekken heile tida. Og likedan viss vi er ute og sånn at vi kan ha ho i bilen og slippe – viss at han står fast så kan han bare bla opp.

Mor har klare synspunkt på at Svein treng noko i tillegg, og i kva situasjonar han treng det. Også læraren meiner at talen er viktig og at han primært må bruke den, men at han kan bruke talemaskina eller ei bok som han peiker i "samtidig som han har talen sin", som han uttrykker det.

Ola har også nettopp fått ei talemaskin. Også dette har si begrunning i eit ønske om at han skal bli meir uavhengig og sjølvstendig i kommunikasjonen sin. Social Networks har ikkje gjort at spesialpedagogen har oppdaga nye uttrykksmåtar for Ola. Ho synest at ho har bra oversikt over hans måtar å kommunisere på:

Han er no på en måte en gutt som vil være avhengig av supplerende og alternativ kommunikasjon heile veien. Om han vil få en rolltalk så må han ha sine tegn, han må ha sine bilder og han må ha...heile tida.

Likevel har eg tankar om at i mange kommunikasjonssituasjonar er det Ola sjølv som går foran og viser veg. Det er han som leiter opp bilder, album og tegnordboka heime. Det syner at han nyttiggjer seg grafisk materiale til å kommunisere med, og at der ligg eit potensiale for å utvide denne kommunikasjonsforma ved å gi han betre tilgang på dette.

6.2.3 Om kommunikasjonspartnarar og strategiar for å støtte sosialt samspel

Ferdigheitsnivå, sensitivitet, tolmod og det å vere ærleg er sentrale eigenskapar ved kommunikasjonspartnarar, dersom kommunikasjon med ASK-brukarar skal bli vellukka (Blackstone og Berg, 2003). Dei ferdigheitene og strategiane som trengst for å bli ein god kommunikasjonspartnar er ikkje intuitive – dei må vanlegvis lærast (ibid.).

Spesialpedagogen som har Ola, er klar over dette:

Eg tenker at all alternativ kommunikasjon kreve kanskje at samtalepartneren har litt kompetanse. Men – ja, det er det som er vanskelig, eller eg vil ikkje sei vanskelig, men det er det som er utfordringa. Det er det som er utfordringa for oss som skal innføre det.

Gjennom kartlegginga med Social Networks har vi fått identifisert nokre viktige kommunikasjonspartnarar for Ola. Dei skal lære gode kommunikasjonsstrategier og nokre

ferdigheiter som trengst for å kommunisere med han, av spesialpedagog og foreldre. Eg veit ikkje sikkert om dei hadde vore inne på denne tanken også før kartlegginga med Social Networks, men det er nærliggande å tru at kartlegginga gjer at det no blir sett ut i livet.

Ein annan måte å minke Ola sin avhengigheit av foreldre og spesialpedagog på, er at han kan nytte måtar å kommunisere på som er lettare for samtalepartnerane å forstå. Dette er ein av grunnane til at han skal lære å bruke ei bærbar talemaskin. Spesialpedagogen trur at ei slik høgteknologisk løysing er det som er minst avhengig av samtalepartneren sin kompetanse. Men ho signaliserer og ein usikkerheit kring dette, og er klar over at det kjem an på kor godt dei klarer å legge til rette for at han skal bruke den, og kor god meistring han får.

Mor til Svein er oppteken av strategier som gjer at han blir forstått, og det er ho som forstår han best. Så derfor seier ho:

Eg hjelper han litt da, ikkje sant? For han blir jo veldig glad når andre forstår. Han blir jo litt oppgitt når ”off”, liksom at ikkje dei forstår, ikkje sant? Og så når eg ser at når eg kan fortelle andre ka han meina, så lyse han opp, veit du.

At Svein er vanskeleg å forstå for andre, har ho tenkt mykje på. Særleg gjeld det når han er på avlastinga.

Og det har eg tenkt på mange ganga, altså, kor i alle dagar dei har klart seg? Han har jo vært der nokken år, og. - Men eg har aldri hørt nokken klage eller nokke som helst. Så det går no, da.

Mor gir uttrykk for at det er vanskeleg å berre kome og ”seie korsen eg gjer det”, utan at nokon har bedt om det. Personalet på avlastinga har ikkje spurt etter denne informasjonen. Kan hende har mor gjennom kartlegginga blitt meir klar over kva for kompetanse ho sit inne med, og som ho også kan lære vekk til andre. Dette er ho på direkte spørsmål svært villeg til, men då må ho bli invitert inn. Eg forstår det slik at mor indirekte etterspør meir samarbeid rundt Svein når det gjeld hans behov for å kommunisere, og korleis han gjer seg forstått på dei ulike arenaene. I etterkant av intervjuet vart det derfor bestemt å ta initiativ til eit tettare samarbeid ved oppstart på den nye avlastinga.

Læraren har blitt meir klar over eiga rolle som kommunikasjonspartner, og han får full støtte frå assistenten. Særleg har dei fått auka merksemd på kor lett det kan vere for dei å legge føringar og sjølv utføre mesteparten av samtalen, og dermed også dominere kommunikasjonen. Dette er velkjende mønstre som ofte er til stades i kommunikasjon mellom ein ASK-brukar og ein talande (Blackstone og Berg, 2003). Å vere klar over dette, er første steg på vegen til å endre det. Dei er no meir observante på initiativa til Svein, og forsøker å

oppmuntre han vidare til å ta initiativ til kommunikasjon. Skuledagen til Svein har i det siste vore prega av ein del vikarar. For å sikre ei betre forståing av Svein for personale på skulen, vil dei m.a. skrive inn viktige kommunikasjonsstrategier i vikarpermen som dei har.

6.2.4 Om samtaletema og vokabular

Mor er glad for at skulen no har fått meir kjennskap til kven som er dei næraste for Svein. Ho er oppteken av at dei skal kjenne namna på nærpersonane og vennene hans, slik at dei kan spørje han meir presist. Til ho pratar Svein mykje om forskjellige ting. Når andre skal snakke med han, må dei spørje, og så svarer han. Då vert han heilt avhengig av at dei kjenner til tema og kva som skal snakkast om, på førehand.

Læraren er klar på at den nye informasjonen han har fått gjennom Social Networks, må få konsekvensar for vokabularet til Svein. Han får tankar om kva dei skal legge inn på talemaskina. Det er han som har hovedansvaret for tilrettelegginga av den.

Nei, ein ser jo også no når dei skal åpne klubb, og, heime. Det er jo ganske stort det han har et ønske om å fortelle fra sin arena. Men som han ikke får mulighet til fordi kanskje ikke vi har tenkt så breidt.

Slik eg tolkar dette seier læraren at når dei på skulen ikkje har kjennskap til det, får Svein heller ikkje eit vokabular som gjer det muleg for han å fortelle noko om det.

For at Svein skal kunne formidle meir med talemaskina og ulike pappløysingar, skal innhaldet tematiserast meir. Då blir det lettare for han å finne fram. Svein er glad i å fortelle om det han opplever, i den grad han kan formidle det. Han har derfor behov for å kunne klargjere om det han vil formidle er noko han har gjort, noko som skjer no eller noko som skal skje (fortid, notid og framtid). Grafiske symbol for å uttrykke dette skal Svein lære no.

Spesialpedagogen til Ola seier i løpet av intervjuet at vi kunne gått meir detaljert inn på kva han kommuniserer om i ulike situasjonar. Ho får tankar om at der er noko som elevane pratar seg i mellom om på heimeskulen, og nokre andre tema i spesialgruppa. Ola er også mykje i lag med vaksne, og har ulikt behov for vokabular når han skal snakke med dei, i forhold til når han er saman med andre barn.

Både Svein og Ola er i den situasjonen at for å utvide kommunikasjonsmulighetene, blir val av vokabular ein del av prosessen. Det gjeld både for pappløysingar og for talemaskinene dei har fått. Å velge vokabular kan gjerast på ulike måtar. I tillegg til eit "kjernevokabular" med hyppig brukte utsegner, vil det å hente inn informasjon frå nærpersonar i dei ulike

samanhengane ASK-brukarane er i, vere ei viktig kjelde (Beukelmann og Mirenda, 1992). Eg meiner at gjennom Social Networks vert informantane meir klar over kor viktig denne prosessen er, og det vert sett igang tiltak m.a. gjennom å snakke med venner og støttekontakt, for å få eit godt tilpassa vokabular til kvar einskild.

6.2.5 Oppsummering av resultat frå intervju

Eg vil i det følgjande gjere ei oppsummering av det som eg tolkar informantane mine har hatt spesiell nytte av frå bruken av Social Networks. Nytteverdien er knytt opp mot engasjementet deira i tilrettelegginga for ASK-brukarane i undersøkinga.

Om dei relasjonelle sirklane: Å dele inn på denne måten er nytt for alle informantane, og dei er eintydig positive til dette. Gjennom spørsmålstillinga her vert behovet for å dele kunnskap og ha eit tettare samarbeid med viktige nærpersonar og andre arenaer, synleggjort. Dei får identifisert viktige kommunikasjonspartnarar i ulike sirklar. Familien si sentrale rolle vert tydeleg, og skulepersonale vert meir bevisste kor mykje nærpersonar kan om viktige forhold rundt ASK-brukaren. Dette avdekkjer i sin tur eit behov for samarbeid med viktige kommunikasjonspartnarar på fleire arenaer. Sjølv kartleggingsprosessen er med på å betre samarbeidet mellom dei som er involverte, og tydeleggjer om nokon manglar.

ASK-tiltak er multimodale: Både Ola og Svein har nye høgteknologiske talemaskiner. Det vert knytt store forhåpningar til at dei med talemaskinane etter kvart skal kunne kommunisere både i nye situasjonar, med nye samtalepartnarar om nye emne og meir utførleg om nokre emne. Nettopp i ein slik situasjon er det å framheve at ASK-brukarar treng mange måtar å formidle seg på, viktig. Rundt Svein har tidlegare måtar å kommunisere på blitt reduserte. No får dei ei auka bevisstheit på kva han sjølv brukar, og at han i tillegg treng ulike kommunikasjonsløysingar og kommunikasjonshjelpemiddel. For Ola er dei klar over alle måtane han kommuniserer på, men kan gi han auka muligheiter m.a. ved å gi han auka tilgang på grafisk materiale.

Samtalepartnarar og støttestrategier: For begge ASK-brukarane har Social Networks si fokusering på samtalepartnarar resultert i at nokre sentrale samtalepartnarar skal få opplæring i støttestrategier for å betre kommunikasjonen med Ola og Svein. Innsikta i at det ikkje berre er Svein og Ola som treng opplæring, men at samtalepartnarar får meir kompetanse på denne måten, er truleg ny for dei (Blackstone og Berg, 2003). I hvert fall er det denne kartlegginga

som gjer at det vert sett i verk. Det er ei spennande vinkling, og gjer noko med tenkemåten til deltakarane i kartlegginga.

Om samtaletema og vokabular: Det å bli betre kjent med kva Svein og Ola er opptekne av, og kva dei gjer i ulike situasjonar, ser alle som positivt. Å hente inn informasjon om kva dei ulike samtalepartnarane vanlegvis snakkar om, vil gjere dette lettare. Særleg er det viktig å få fram kva jamaldringar snakkar om. Eit målsetting for tilrettelegginga rundt Svein sin kommunikasjon vil m.a. vere å gi han auka muligheit til å kunne fortelje sjølv kva slags vokabular han ønsker. Social Networks er nyttig fordi den får deltakarar til å tenke breiare. Det får fram kva ASK-brukarane treng i dagleglivet, og ikkje berre i opplærings situasjonar på skulen. Kartlegginga er her viktig i ein prosess med å velge ut samtaletema og vokabular som gir ASK-brukarane muligheiter til å formidle seg sjølv betre.

Å delta i kartlegginga med Social Networks: Sjølve kartlegginga var ei positiv oppleving for alle informantane. Den gav ny kunnskap, ny informasjon, ny innsikt og betra samarbeid. Informantane vektlegg litt ulikt kva som var viktigast for dei, alt etter kva utgangspunkt og kva kunnskap dei hadde frå før.

Eg spurde ikkje informantane mine om dei synest det er aktuelt å ta kartlegginga på nytt når det har gått ei tid. No i etterkant er det eit spørsmål eg gjerne skulle ha stilt, fordi det vil bli eit aktuelt tema. Social Networks er også eit verktøy som kan måle framgang og endring over tid, og vere til hjelp i vidare planlegging ut frå den ståstaden dei då har. Slik eg kjenner informantane mine, vil dei vere positive til ei ny kartlegging.

7 Mine erfaringar og refleksjonar

For prosjektet formulerte eg følgjande problemstilling: Erfaringar ved bruk av kartleggings- og planleggingsverktøyet Social Networks. På kva område vert verktøyet opplevd som nyttig av foreldre, personale på skulen og rådgjevar i dei aktuelle brukarsakene?

Eg ønskte å setje meg inn i kartleggingsmaterialet Social Networks og få erfaringar ved å bruke det i forhold til rådgjevingsarbeid rundt to ASK-brukarar. Dette har eg gjort. I etterkant gjennomførte eg ei intervjuundersøking for å finne ut kva deltakarane i kartlegginga opplevde som nyttig. Eg fekk på den måten dobbel tilgang på informasjon. Dette gjorde noko med mine refleksjonar. Eg opplevde m.a. at eg gjennom intervjuet fekk ny informasjon rundt ASK-brukarane som eg eigentleg burde ha fått gjennom kartlegginga. Det kan vere fleire årsaker til

det. Det mest nærliggande er at eg ikkje har spurd godt nok første gong. Eg har truleg ikkje stilt dei rette oppfølgingsspørsmåla. Det kan og vere at sjølv intervjuet har sett igang ein prosess hos informantane som gjer at dei får nye tankar og vidare innsikt i kva som er viktig å få fram rundt tema. Dette viser kor viktig det er å tenke kartlegging som ein del av ein kontinuerleg prosess for å møte framtidige behov, snarare ein ei eingongshending (Beukelman og Mirenda, 1992).

7.1 Social Networks som kartleggingsmateriale

Eg kjenner ikkje til andre kartleggingverktøy på ASK-området der dei ulike informantane vert spurde om det same. Det gjer det lettare å få fram viktige meiningsskilnader mellom nærpersonar og fagpersonar, og også kva dei i utgangspunktet ser likt på. Det å intervju dei kvar for seg, for deretter og samlast og dele informasjonen, synest eg er ei god ramme! Eg trur at særleg ASK-brukaren sjølv, og i forhold til barn og ungdom ofte foreldra deira, vil kunne bidra med viktig informasjon som i tilbakemeldingsmøte kan løftast fram også for dei andre møtedeltakarane. Eg har tidlegare erfaring med å kartlegge kommunikasjonshandlingar hos barn gjennom gruppearbeid for foreldre og profesjonelle. Også her er foreldre verdfulle informantar, men nokre gonger vert dei tilbakehaldne i slike samanhengar. Framleis kan vi hamne i mønstre der fagfolk er ”ekspertar” og ”veit best”, og foreldre let vere å bringe fram viktig kvardagskunnskap i den tru at dei profesjonelle har løysinga. Gjennom å møte informantane kvar for seg og hente inn informasjonen som dei sit inne med, slik det vert gjort i Social Networks, får alle sleppe til med sine tankar og synspunkt. Å intervju fleire kan synest tidkrevjande. Eg trur likevel at det på sikt vil lønne seg, og vil vere eit eineståande grunnlag for å skape eit godt samarbeid og samla oppslutning om retninga og måla for arbeidet.

Social Networks er ein spanande reiskap! Eg er glad for at verktøyet finst, og at eg gjennom dette prosjektet har fått erfaring med å bruke det. Eg vil sitere kva Blackstone og Berg (2003) seier om betydningen av tilnærming ved bruk av Social Networks:

Social Networks gir et verdifullt perspektiv som ofte mangler i arbeidet med å hjelpe personer med sammensatte kommunikasjonsvansker, og en brukbar samling av meningsfulle verktøy som kan supplere dette arbeidet. Ved å tydeliggjøre forskjellene mellom en persons kommunikasjonspartnere og de strategiene som er mest brukbare innenfor de forskjellige kommunikasjonssirklene, kan Social Networks hjelpe personer med store sammensatte kommunikasjonsvansker og deres kommunikasjonspartnere til å benytte den mest passende kommunikasjonsstrategien, til rett tid og på rett sted. (Manual, Social Networks, s.18, Blackstone og Berg, 2003)

Eg er samd i at Social Networks er eit verktøy som lukkast i dette. Gjennom kartlegginga av Ola og Svein er det behovet for å kunne variere kommunikasjonsmåtar og å delta i ulike kommunikasjonsituasjonar og med ulike samtalepartnarar som står sentralt.

7.2 Om involvering av deltakarane

Deltakelsesmodellen (Beukelman og Mirenda,1992) er ein del av det teoretiske grunnlaget som Social Networks bygger på. Dette er ein modell for systematisk kartlegging, tiltak og evaluering for meiningsfull deltaking i situasjonar i dagleglivet. Eit sentralt moment som som Beukelman og Mirenda legg vekt på ved modellen, er å bygge semje i teamet rundt ASK-brukaren.

Early efforts to build inclusionary, cooperative teams during assessment process may prevent problems and discord later on, or: Consensus today keeps dissension away. (Beukelman og Mirenda, 1992, s.103)

Involvering er eit sentralt stikkord for å ha eit engasjement for best muleg tilrettelegging rundt ASK-brukaren. I prosjektet erfarte eg at det å bli intervjuet og dermed bidra med egne tankar og informasjon, auka involveringa til informantane. I Social Networks vert det tilrådd å intervjuet ein nærperson og ein profesjonell som kjenner ASK-brukaren godt, i tillegg til ASK-brukaren sjølv der det er muleg. Eg arbeider mest med barn og unge. I tillegg til heim og skule, er ofte skulefritidsordninga og avlastinga stader der ASK-brukaren tilbringer ein del tid. Eg vil ved framtidig bruk av Social Networks prøve å intervjuet minst ein sentral person frå kvar av arenaene som er viktige for ASK-brukaren. Dette vil eg prøve på fordi eg ser kartlegginga som ein unik måte å få involvert sentrale aktørar på. Eg vil også legge meir arbeid i å intervjuet ASK-brukaren sjølv, om det på nokon måte kan vere muleg.

Å få til eit samarbeidande ASK-team rundt brukaren vil etter mitt syn vere det beste utgangspunktet for å lukkast med god tilrettelegging for bruk av ASK. Dette er ikkje noko som er sjølvagt for ASK-brukarar i Norge. Eg kjem tilbake med nokre synspunkt på det i avslutningskapitlet.

7.3 Intervjuaren si rolle i kartlegginga med Social Networks

Social Networks forutset at den som intervjuar er ein fagperson med kunnskap om ASK. Eg meiner at dette er naudsynt for å få tilstrekkeleg utbytte av kartlegginga. Verktøyet er kvalitativt, og det er oppfølgingsspørsmåla som blir stilt og dei eksempla som blir sette ord

på, som er aller viktigast for å få fram vesentleg informasjon. Sjølv om materialet ved første augnekast kan sjå ut som eit omfattande avkryssingsskjema, er det å få kryssa av i ulike ruter berre ein liten del av informasjonsinnhentinga. Det er derfor vesentleg at intervjuaren veit kva type informasjon som er viktig å få fram. Kartlegginga skal synleggjere kva kommunikasjon ASK-brukaren har no, og gi retning og tankar om tiltak som skal prioriterast vidare. I manualen står det:

Intervjueren, som er en fagperson med kompetanse på alternativ og supplerende kommunikasjon, må være godt kjent med det teoretiske grunnlaget som ligger til grunn for Social Networks (Blackstone og Berg 2003, norsk utgåve 2006, s.22).

Dette vert for meg eit viktig moment. Dei områda eg kjende lite til, har og vore dei områda der eg i ettertid ser at eg fekk ut minst informasjon, og som eg derfor heller ikkje fekk ivareteke på ein god nok måte i tiltaksplanlegginga. Inndeling i dei ulike kommunikasjonstypene som var nytta, var ny for meg. Eg kjem tilbake til kva det betydde for informasjonen som kom fram.

Kunnskapen i Norge er liten når det gjeld ASK. Det får også konsekvensar for kven som kan nytte reiskapen. Eg meiner at den ikkje bør brukast av alle, men at vi som arbeider som rådgjevarar rundt ASK-brukarar med dette har fått eit verdifullt tillegg i ”verktøykassa” vår. Eg trur at god bruk av Social Networks i seg sjølv vil vere med på å auke interessa for og kunnskapen om ASK, og gjere at fleire vil skolere seg og setje seg inn i kva som skal til for å legge til rette for kommunikasjon for ASK-brukarar.

I løpet av prosjektet er eg blitt oppteken av kor viktig intervjuaren si rolle er. Social Networks er etter mi meining ein unik reiskap for å bygge semje og fremje tiltak som er basert på den kunnskapen vi har i dag om kva som er bra for ASK-brukaren. Men sjølv om reiskapen er der, er det korleis vi nyttar den som betyr noko i forhold til kva vi kan oppnå.

Mange av informantane rundt ASK-brukarar har mykje taus kunnskap. Kommunikasjon foregår ofte utan at kommunikasjonspartnarane har tenkt så mykje på kva som skjer, og korleis. Derfor er det å få fram dei konkrete eksempla viktig. Dei skal skildre og synleggjere korleis kommunikasjonen skjer, og eg som intervjuar skal spørje slik at dei får uttrykt seg på ein måte som vert forståeleg også for oss andre.

Manualen seier ikkje noko spesielt om det, men for meg vil det også i framtida vere viktig å ha observert ASK-brukaren på førehand. Då vil eg, om dei står fast, kunne stille oppfølgingsspørsmål også ut frå det eg har sett og på den måten hjelpe til med å få fram gode eksempel.

Informantane skal, i tillegg til å beskrive kommunikasjon, foreta ein del vurderingar. Ein intervju situasjon er for meg den beste situasjonen og dei beste rammene for å få dei til å formulere tankane sine, og kome fram med det dei meiner.

Gjennom kartlegginga får intervjuaren fram ulik informasjon og ulike perspektiv frå informantane, men også område der dei er samstemte. I prosjektet var deltakarane på oppsummerings – og tiltaksmøtet dei same som dei som vart intervjuet. I framtida ynskjer eg å utvide både tal på informantar og kven som er med på møtet. Alle arenaer bør vere representerte med sentrale personar i forhold til å få informasjon om kommunikasjonsbehov og viktige samtalepartnarar på ulike arenaer. Eg meiner at også andre sentrale aktørar, som f.eks. rektor og PP-rådgjevar, og evt. leiar på avlastinga, bør vere med på oppsummerings – og tiltaksmøtet. Dei vil vere sentrale i forhold til den praktiske ansvarsfordelinga og organiseringa av korleis måla som vert prioriterte rundt den einskilte brukaren skal nåast.

Eg ser intervjuaren si rolle som sentral i forhold til korleis data vert tilbakemelde til informantane og deltakarane på møtet. Frå min ståstad som rådgjevar ved eit kompetansesenter og den som har teke intervjuet med Social Networks, ønsker eg å vere den som leier oppsummerings – og tilbakemeldingsmøtet. Intervjuaren må etter mi meining ha god oversikt, kunne synleggjere viktig informasjon og vere aktiv i å signalisere viktige prinsipp. Desse prinsippa er familien si sentrale rolle, og at planlegginga skal vere personsentrert (Blackstone og Berg, 2003). Dette bør kommuniserast aktivt frå intervjuaren si side. I prosjektet syntest eg at eg delvis fekk fram dette, men eg får i ettertid tankar om at det kunne vore gjort enda tydelegare. Full anerkjenning av ulike syn, og å vise at breidde og ulike perspektiv kan vere ein styrke, er eit kjernepunkt. Å leie den vidare diskusjonen slik at alle får kome med sitt, og at motforestillingar også kjem på bordet, er ein forutsetning for den vidare prosessen med å bygge full semje rundt tiltaka vidare (Beukelman og Mirenda, 1992). Som rådgjevar rundt ein ASK-brukar er ikkje arbeidet avslutta med kartlegginga. Den er snarare ein start på sjølve arbeidet med ei målretta tilrettelegging for betre kommunikasjon mellom ASK-brukaren og samtalepartnarane.

7.4 Nokre sentrale punkt

7.4.1 Fokus på samtalepartnaren

Social Networks er gjennomgåande oppteke av den viktige rolla samtalepartnaren til ein ASK-brukar har for at kommunikasjonen skal bli vellukka (Blackstone og Berg, 2003). I

mine kartleggingar fekk vi identifisert nokre viktige støttestrategier samtalepartnarane brukte. Vi fekk og identifisert eit opplæringsbehov for nokre sentrale kommunikasjonspartnarar. Kva opplæringsbehov foreldre og personale på skulen har, vart i mindre grad forkusert på. Kva skal til for at dei skal bli enda betre? Og kva vil dei trenge av ny kompetanse når bruk av talemaskiner og kommunikasjonsbøker skal setjast i verk? Desse diskusjonane vil vi ha trong for å føre vidare både når det gjeld Svein og Ola. Mine erfaringar rundt andre Ask-brukarar er at det er uvant for mange nærpersonar å tenke at dei kan få rettleiing og opplæring, og at dette kan vere ei god hjelp. Det er også uvant for personale på skulane å tenke at kommunikasjon handlar om andre ting enn opplæring av eleven, og at deira rolle som samtalepartnar er avgjerande for korleis kommunikasjonen skal fungere. “Meaningful communication is a shared responsibility”, seier Beukelman og Mirenda (1992, s.152). Det vert mi oppgåve å synleggjere det gjennom kartleggingsprosessen.

7.4.2 Om familien si sentrale rolle og personsentrert planlegging

Familien si sentrale rolle kjem godt fram i kartleggingane rundt Ola og Svein, synest eg. I oppsummerings – og tiltaksmøtet, der det blei ei informasjonsdeling, blei det veldig synleg kor viktig familien er for dei ASK-brukarane som eg har kartlagt. Begge har eit godt familienettverk. Familien er også heilt sentral i forhold til Svein og Ola sine venner og aktivitetane dei deltek i.

Heile familien vert påverka av at ein i familien er ASK-brukar. Dei vert påverka av ulike løysingar, kommunikasjonsmåtar og hjelpemiddel (Parette, Brotherson og Huer, 2000). Social Networks synleggjer kor viktig familien sine prioriteringar og muligheiter er, og at kvardagen i familien er annleis enn kvardagen på skulen. Tilrettelegging for ASK-bruk er å tilrettelegge for deltaking i kvardagsaktivitetar. All planlegging bør skje i samarbeid med ASK-brukaren sjølv og nærpersonar. Dette er to av tre grunnleggande trekk ved personsentrert planlegging (Blacstone og Berg, 2003). Det tredje er at familie og kontaktar i dagleglivet er viktigare enn kva servicetilbod som er tilgjengelege.

Eg vil i det følgjande kome med nokre tankar om i kva grad vi lukkast med å vere personsentrerte i planlegginga rundt Ola og Svein. Når eg i denne oppgåva skulle framstille måla som vi sette opp for Svein og Ola, oppdaga eg at vi på nokre område raskt vart opptekne av personalet sine arbeidsoppgåver, heller enn kva som var måla for Svein og Ola. Det vi hadde formulert etter oppsummerings – og tiltaksmøtet vart ikkje så konkret og klart som eg hadde ønskt.

I oppgåva har eg prøvd å framstille måla ut frå prinsippa om konsekvent personsentrert planlegging. I sjølve oppsummeringsmøta hadde eg ikkje dette så klart for meg. Dermed blei dette heller ikkje gjort så tydeleg i forhold til dei andre deltakarane. Dette vart ein vekkar for meg i forhold til mi rolle i kartlegginga. Case-eksempla i manualen er konsekvent personsentrerte. Eg meiner at om vi i kartlegginga konsekvent held behova til ASK-brukaren fremst, vil vi lettare kunne sjå kva som kan gjerast. Det vert ein ryddigare prosess med mål, tiltak og evt. barrierar. Etter at måla er sette kan vi få ein konkret diskusjon om kva som må til for å gjennomføre dei. Slik det no vart blei fokus på nokre område fort på kva som skulle gjerast, med den faren at kvar einskild kan bli oppteken av eigen situasjon meir enn kva mål vi har sett for ASK-brukaren.

7.5 Om kategoriseringa i Social Networks

7.5.1 Inndeling i ulike kommunikasjontyper

Begge ASK-brukarane i undersøkinga mi høyrer til gruppa med kontekstavhengig kommunikasjon. Inndelinga av ASK-brukarar i 3 grupper basert på synleg ekspressiv åtferd vert gjort greie for på side 7. Dette er ei inndeling eg ikkje kjenner frå før. Det er lett å plassere Ola og Svein i rette gruppa; dei har begge kontekstavhengig kommunikasjon. Eg strevde med å sjå nytteverdien av denne inndelinga i kartlegginga, og vi brukte lite tid på å reflektere rundt dette. Inndelinga vart dermed også lite tema for intervjuet. I etterkant har eg tenkt at vi kunne tatt ei drøfting som gav ei ytterlegare spesifisering av begrensingar i forhold til kontekster og kommunikasjonspartnarar. I noteringsheftet vert det bedt om at den som blir intervjuet skal grunngje kvifor han/ho valde den kategorien som best skildrar personen sin mest effektive kommunikasjon. Nokre oppfølgingspunkt/underpunkt på kvar kategori ville gjort synleg for meg kva vi bør tenke gjennom. Dette kunne gjort det lettare å få fram meir konkret, relevant informasjon.

Kartlegginga er amerikansk, og kan hende er denne inndelinga like kjent for amerikanarane som inndelinga av ASK-brukarar i tre funksjonelle hovudgrupper (Tetzchner og Martinsen 2002) er i Norge. Dermed vil der ikkje vere same behovet for forklaringar for dei, som det eg har trong for. Eg sit med ein følelse av at der er noko eg ikkje får tak i. Om ikkje anna synleggjer dette at intervjuaren bør vere kjent med det teoretiske grunnlaget for Social Networks.

7.5.2 Andre inndelingar

Det vert spurd etter kven av kommunikasjonspartnarane som er den dyktigste, den primære, den som bruker mest tid, favoritt, mest villeg til å lære nytt og mest villeg til å lære andre. Det er viktige element. Men informantane mine vegrar for å namngi den eine som er best, mest villeg, osv. Dei blir i tvil, og blir kan hende redde for å såre nokon? Slik eg ser det, er det ikkje så viktig å finne den, men kanskje like gjerne dei – at dei kan identifisere ein, to eller nokre få som peiker seg ut som dei mest sentrale på desse områda.

Sentrale spørsmål er også kor hyppig, effektivt og forståeleg uttrykksmåtene og representasjonane er. Dette vart i forhold til brukarane mine vanskeleg å fylle ut nyansert i skjema, fordi det varierte frå sirkel til sirkel. F.eks. har Svein tale som hovuduttrykksmåte i alle sirklane. Men det er meir forståeleg og vert langt hyppigare brukt i sirkel 1 enn i sirkel 3. Eg har tru på at ein ved å setje opp skjema annleis kunne synleggjort dette på ein betre måte.

8 Avslutning

No synest eg at eg har lært ein del som eg burde visst før eg starta prosjektet! Dermed har det vore eit givande prosjekt ut frå min ståstad, i alle fall. Eg synest at eg no har den innsikten som truleg hadde gjort både kartlegginga og intervjurunden betre. Informantane mine ville fått andre erfaringar, eller ytterlegare utbytte om eg hadde arbeidd med dette frå før!

Beukelman og Miranda (1992) er opptekne av å bygge ASK-team for at kommunikasjonstiltak rundt ASK-brukaren skal bli vellukka. Sentrale i teamet skal ASK-brukaren og nærpersonar vere, i tillegg til fagpersonar frå ulike fagfelt, litt avhengig av kven ASK-brukaren er. Tett samarbeid mellom dei ulike partane når det gjeld kartlegging, planlegging og gjennomføring av tiltak, er ein føresetnad for eit godt resultat. Ansvars – og oppgåvefordeling må klårgjerast. Kunnskap på ASK-feltet er mangelvare dei fleste stader i Norge i dag. Nokre miljø har kompetanse, men dei alle fleste stader vil eit kommunalt ASK-team ha trong for rettleiing frå andre instansar.

Eg synest at behovet for ASK-team melder seg med auka styrke og vert tydeleg gjennom bruk av Social Networks. Det gir også eit godt fundament for å kunne lage eit ASK-team. Men rammevilkåra gjer at dette ikkje er så lett i praksis. ASK-brukarar har i Norge ikkje lovfesta rettar utover det som gjeld i Opplæringslova. Det er såleis ingen rett for dei å kunne bruke sine kommunikasjonsmåtar i ulike samanhengar. Når dei ikkje har lovfesta rettar, vert der og vanskar med å få sett iverk tiltak. For eksempel: Kven har tid, ressurser og kompetanse til å rettleie foreldre, eller kurse samtalepartnarar? Og når har samtalepartnarane tid til å få

opplæring? Kven har ansvar for og muligheter til å organisere kursing av personale på avlastinga – og kor kjem ressursane fra som gjer at dei kan delta på kurs, eller på samarbeidsmøter i eit team? Manglande kunnskap i kommunane gjeld ikkje berre det faglege, men og kva rammer som trengst rundt ASK-brukarane. Derfor er arbeid med å sikre dei rettar for å kunne nytte ASK heilt vesentleg. ISAAC Norge arbeider for å sikre ASK-brukarar rettigheter, og gjer ein viktig innsats på dette området. Kan hende kan også bruk av Social Networks etter kvart vere med på å synleggjere dette behovet så sterkt at dei får lovfesta retten til å kunne nytte ASK.

I rapporten har eg framstilt erfaringar og nytteverdi av Social Networks i forhold til kartlegging rundt to ASK-brukarar, Ola og Svein. Dette er erfaringar som er unike for det som skjedde i desse kartleggingane, og i intervjuet etterpå. Resultata kan sjølvsagt ikkje generaliserast. Prosjektet er ikkje eit strengt vitenskapelig forskingsarbeid, men ei praksisrelatert undersøking med ei problemstilling som vert forsøkt besvart best muleg ut frå tilgjengelege rammevilkår. Hovudmålet for meg var å få erfaringar som gjer at eg i etterkant kan forbetre eigen praksis. Eg synest at eg står betre rusta no enn eg gjorde før eg starta. Eg meiner og at dette prosjektet kan vere av verdi for andre. Eg har tru på at det har ein eksemplarisk verdi som gjer det interessant for andre som arbeidar med ASK-brukarar, og som vil nytte Social Networks.

9 Kjeldeliste

Attainment's Social Networks: *A communication inventory for individuals with complex communication needs and their communication partners*. Program coauthors Sarah Blackstone and Mary Hunt Berg. DVD. (Denne kan bestilles på nettside: www.augonominc.com/socialnetworks.html)

Beukelman, D. R., og Mirenda, P. (1992) *Augmentative and Alternative Communication. Management of Severe Communication Disorders in Children and Adults*. Paul H. Brooks Publishing Co., Baltimore.

Blackstone, S.W., og Berg, M.H. (2003) *Social Networks: En kommunikasjonsoversikt for mennesker med store kommunikasjonsvansker og deres kommunikasjonspartnere*. Augmentative Communication, INC. Norsk utgåve, Trøndelag kompetansesenter 2006.

Brænde, E. (2005) Social Networks. Et kartleggingsverktøy utviklet for kommunikasjonsutredning av både personer med omfattende kommunikasjonsbehov og deres partnere. *Dialog, medlemsblad for ISAAC Norge*, nr.2/2005, s7-10.

Light, J. og Binger, C. (1998) *Building Communicative Competence with Individuals Who Use Augmentative and Alternative Communication*. Paul H. Brooks Publishing Co., Baltimore.

Lorentzen, Per (2001): *Uvanlige barns språk*. Oslo: Universitetsforlaget.

Parette, H.P., Brotherson, M.J., Huer, M.B.(2000): Giving Families a Voice in Augmentative and Alternative Communication Decision-Making. *Education and Training in Mental Retardation and Developmental Disabilities*, 35 (2):177-190.

Reichle, J., Beukelman, D.R., og Light, J.,C. (2002). *Exemplary Practices for Beginning Communicators*. Paul H. Brooks Publishing Co., Baltimore.

Rommetveit, Ragnar (1972): *Språk, tanke og kommunikasjon. En innføring i språkpsykologi og psykolingvistikk*. Oslo: Universitetsforlaget.

Tetzchner, Stephen von og Martinsen, Harald (2002) *Alternativ og supplerende kommunikasjon. En innføring i tegnspråkopplæring og bruk av kommunikasjons hjelpemidler for mennesker med språk – og kommunikasjonsvansker*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

10 Vedlegg 1

INTERVJUGUIDE

Generelt:

- Korleis opplevde du å vere med i kartlegginga?
- Synest du at du fekk ny innsikt, eller nye tankar pga kartlegginga?
- I tilfelle, kan du seie litt om det?
 - Kva tenker du no om ASK-brukaren sin kompetanse og behov?
 - Kva tenker du rundt rolla til samtalepartnaren?
- Kva synest du om at fleire blei intervjuet om det same?
- I oppsummeringa såg vi blant anna på kva dere såg likt på, og kva som var forskjellig. Kva er dine tankar om det?
- Var der mykje du ikkje kunne svare på?
- Var der noko som mangla?
- Kva nytte ser du av eventuelt heile eller delar av kartlegginga etter at det har gått ei tid der tiltak har vore sett i gang som følgje av den første kartlegginga?

Om mål og arbeidsoppgåver laga etter oppsummeringa:

Når du ser på måla og arbeidsoppgåvene vi har sett opp etter kartlegginga:

- Er der noko av betydning som kom fram i kartlegginga, som vi ikkje hadde fått tak i utan den?

Dei einskilde områda: (i den grad det ikkje allereie er besvart)

Sirklar med kommunikasjonspartnarar

- På kva måte var det å få oversikt over kommunikasjonspartnarar nyttig?
- Fekk du ny informasjon om dette gjennom dei andre svarte?
- Identifisering av viktige kommunikasjonspartnarar – kva synest du om det?
 - Var det vanskeleg å navngi personar med dei ulike eigenskapane det blei spurd om?

Uttrykksformer og representasjonar

- Vart det gjennom kartlegginga gjort synleg uttrykksformer som du ikkje var klar over personen hadde?

Det blir lagt vekt på å få fram heile breidda, men og kva som er primær uttrykksform i kvar sirkel.

- Har du nokre tankar rundt det?

Hyppighet, effektivitet og kor forståleg det er, er tre element som vert spurd etter

- Kva synest du om det?
- Kva synest du om skalaen: Det meste av tiden, noe av tiden, sjelden, aldri?

Personens ferdigheiter og muligheiter

- Er det vanskeleg å vurdere, synest du?
- Kva synest du om å gradere det i skalaen: Aldersadekvat, lette-, moderate- eller store vanskar?
- På kva måte kan dette ha betydning for tiltaksplanlegginga?

Strategier som støtter sosialt samspel

Her er fokus på samtalepartner.

- Kva betydning har dette?
- Opplever du at dere har hatt fokus på dette også tidlegare?
- Eventuelt på kva måte?

Samtaletema

- Kva vil du seie om det som kom fram her?
- På kva måtar kan det få konsekvensar for vokabularet personen har tilgang på?

Kommunikasjonstype

Inndeling i 3 kategorier.

- Kva tankar gjer du deg om dei – er det klargjerande på nokon måte?

Ønsker og behov i ulike sirklar

- Kva tenker du om å bli spurd om dette tema?

Tankar om måten intervjuet blei gjennomført på

- Er der noko intervjuaren burde gjort annleis?
- I kartlegginga?
- Under oppsummeringa?
- I dette intervjuet?

Til slutt

- Er det noko anna du vil vi skal ta opp?
- Vil du anbefale bruk av Social Networks til andre som arbeider med personer med kommunikasjonsvanskar?

